

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 29. august 2018 kl 20.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Jan Ole Fuglem, Torkjell Døving, Børge Heggen Johansen

Forfall: Odd Lennart Vikene, Richard Moen, Andreas Håvoll,

30/18 Informasjon

- Friidrettsgruppa
 - Storfjordstemne i Eidsdal, 30.8. Fleire ulike øvingar. Dette er også med i friidrettscupen.
 - Siste cup i Liabygda i september. Avslutning med premieutdeling
 - Deltakarar på motbakkeløp, terrengløp og gateløp.
- Fotballgruppa
 - Har starta opp etter sommarferien. Litt færre lag då spelarar reiser vekk på skule frå hausten. Dermed vert det for lite spelarar på G16 og J16
 - TINE fotballskule. Vellykka med 60 spelarar, 46 % jenter. Deltakarar frå Valldal, Eidsdal, Stranda og Skodje
 - Samarbeidslaget J16 deltok i Norway Cup. Kjekt sjølv om det vart ein del tap. Det er muleg å søkje arrangøren om fritak for deltakaravgift på enkeltspelarar.
- Skigruppa
 - Har starta med treningar, både ski og skiskyting. 27 stykker møtte på første trening. Trenar rulleski fram til haustferien.
 - Trening i idrettshallen frå midten av september.
 - Har løparar på Storfjordlangrenn og kretslag til MRSK. Samling Storfjordlangrenn i Valldal første helg i september
 - Deltakarar på rulleskicup i regi av Møre og Romsdal skikrets. 3 løp Hovdebygda, Molde og Trollstigen opp
- Styret
 - Har hatt gjennomgang med Frode Myren Døving om opplegg for internett på klubbhuset. Bestilling gjort hos Tafjord. Leveringstid 4-6 veker. Frode vil ta ansvar for val av utstyr og oppsett av sikra nett.
 - På førre møte vart renovasjon på klubbhuset diskutert. Det vart konkludert å avvente ny ordning. Då vi ikkje ville inngå avtale med ÅRIM vart utplasserte dunkar henta av dei. Ny avtale er inngått med SGT (Stranda Gjenvinning og Transport) Førebels hentar dei restavfall kvar andre veke og papir kvar fjerde. Dette kan endrast på.

- På førre møte vart det best at Valldal IL skal verte "Rein klubb" m.o.t. doping. Ein del av dette opplegget er ein kurskveld. Det kjem besøk frå AntiDoping Norge og har gjennomgang av tema tysdag 18. september. Her bør aktive og trenarar møte, uansett grein.

31/18 Sommararrangement-oppsummering og framtid

Mefjellet opp og Olsok i Valldal er også i år gjennomført, og stort sett på ein god måte. Det er har vore ei evaluering av arrangementa. Økonomisk vart resultatet om lag kr 110.000 i overskot.

Dette bør delast mellom gruppene og hovedlaget

Det må bestemast om det skal vere olsokarrangement neste år. I første omgang må det i så fall gjerast ein del avklaringar, arrangement over fleire dagar, programkomite, økonomisk ramme for komiteen og er det muleg å få tilbake rulleski på olsok.

Vedtak:

Fordeling av overskot:

- Fotballgruppa kr 20.000
- Skigruppa kr 20.000
- Disksport kr 7.000
- Friidrettsgruppa kr 5.000
- Trimgruppa kr 3.000
- Hovudlaget kr 55.000

Valldal Idrettslag skal arrangere olsok også i 2019. Arrangementet vert utvida med konsert på fredag kveld, t.d. i Sylte kyrkje, der det då vil vere muleg å billettere. Eit billettert arrangement skal i teorien gå med overskot.

Følgjande programkomite vert vald:

Terese Jemtegård Moen, Anders Rem, Ellen Rokstad, Torgeir Sunde.

Desse har i oppgave i planlegge billettert arrangement og gjere avtale med artist(ar), og program og aktivitetar på olsoklaurdagen. Leiar går inn i hovudkomite for olsok som vert oppnemnd seinare.

Programkomiteen får eit budsjett på inntil kr 30.000 til program og aktivitetar på laurdag

Skigruppa vert utfordra til å sjå på mulegheiter for rulleski på olsoklaurdagen

32/18 NM motbakkeløp – Mefjellet opp 2019

Oppretting av hovudkomite:

Hovudkomiteleiar:	Jan Ole Fuglem
Ansvarleg for:	
Sekreteriat, påmelding, tidtaking, resultat	Einar Hoel
Premiar, premieutdeling, seremoni	Magne Eivind Glomnes
Løype, merking, tilrettelegging, skilting	(ikkje klarlagt enno)
Parkering, transport, logistikk	Frode Myren Døving
Kiosk, servering, drikkeestasjonar	Silje Sandøy Grønning

Sponsor
Sosiale medier, PR

Kåre Erstad
Anne Kristin Hoel

På første møte i hovudkomiteen vert det oppretta arbeidsgrupper innanfor kvart ansvarsområde

33/18 100 år 2019

Komiteen oppnemnd inn mot 100års jubileet i 2019 har hatt to møter og har kome med ein del innspel og idear til markering i løpet av 2019

To punkt vart diskutert og som det vil vere aktuelt å arbeide vidare med:

- Kvar gruppe vert utfordra til å ha minst eit 100 års arrangement i løpet av 2019. Dette kan vere eit arrangement som gruppa allereie arrangerar, men som får ein "100 års profil" . Eller det kan vere eit nytt og eige arrangement. Gruppene bør ta dette med i si planlegging av aktivitet i 2019.
- Jubileumsbok.
Det har vore undersøkt med Språksmia om kostnad, og fått oppgitt om lag kr 150.000 med honorar til dei som skriv. Målet må vere å selje boka slik at det minst dekker kostnad. Bok på 152 sider, format 21x26 cm. Opplag 300 stk. Utgitt til november 2019.
Det vert arbeidd vidare med dette og i første omgang vert Språksmia kontakta igjen for å avklare deira rolle. Andre aktuell personar kan vere Randi Flø, Astor Furseth, Reidar Bjørstad, Harald Vestre.

34/18 Anlegg

Utkast til anleggs- og utstyrplan for Valldal idrettslag var sendt ut.

Denne har oversikt over anlegg og utstyr i laget. Den har også forslag for rehabilitering og nybygg av anlegg i komande år, drift og vedlikehald av anlegga og økonomiske forpliktelsar og fordeling.

På grunnlag av sak på førre styremøte er det undersøkt om kostnader ved rehabilitering av friidrettsdelen på Valldal stadion til fast dette. Med grunnarbeid vil dette ha ein kostnad opp mot kr 3 mill. Friidrettsanlegget er lite brukt, men det er store utfordringar med tilgroing og stell av bana. Eit fast dekke vil gjere vedlikehaldet lettare, og kanskje også auke bruken. Kostnaden er stor og finansieringa usikker.

Første del av planen vart gjennomgått med følgjande vedtak:

- Grunneigar på Myklebust utan avtalt vederlag for grunn til lysløype , får tilbod om same vederlag som andre grunneigarar
- Det vert inngått avtale med grunneigar om grunn til skiskyttaranlegg og forlenging av lysløype. Samstundes vert avtale om hoppbakkar sagt opp og området rydda.
- Dugnad med rydding av garasje for trakkemaskin, garasje under kjellar og lager i kjellar laurdag 22. september. Det må skaffast høveleg tilhengar for å samle opp det som skal kastast.
- Det vert ikkje arbeidd vidare med planar om fast dekke på friidrettsdelen på Valldal stadion for å få godkjent planar i 2018 og søknad om spelemidlar i 2019.
- Det vert ikkje teke initiativ frå Valldal IL for å fornye sand i sandvolleyballbaner på rådhusmarka

- Resterande punkt i planen utsett til neste møte

35/18 Idrettskule

Utsett

Møtet slutt kl. 22:30

Einar Hoel-referent